

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
 Sak nr.: 14/5064-5

Kontrollutvalet - Økonomiplan 2016 - 2018 - vurdering av mogelege innsparingstiltak

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet går inn for å redusere budsjetttrammene åra 2016 – 2019 for programområde 410 Kontrollutval slik:

År	Reduksjon
2016	- Kr. 517 000
2017	- Kr. 417 000
2018	- Kr. 417 000
2019	- Kr. 417 000

2. Storleiken på innsparinga er med atterhald om at utvalet i framtida skal bestå av fem medlemar.
3. Kontrollutvalet fordeler innsparinga innan eige område, og melder inn fordelinga til budsjettgruppa
4. Utvalet sitt vedtak vert lagt som vedlegg til fylkestinget sin handsaming av budsjettsaka desember 2014.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Kontrollutvalet i fylkeskommunen har dei seinare åra hatt eit budsjett utan dei store endringane. Det som varierer er stort sett kostnaden ved nye utval etter kvart val. Det er vanskeleg å anta kostnadsstrukturen på nytt utval før det er på plass.

Ein annan kostnad som har vore litt varierande dei siste åra er kostnaden til finansiell revisjon. SF revisjon IKS er eit interkommunalt selskap, der fylkeskommunen eig 42%. Resterande eigarskap er fordelt på 8 kommunar i Indre Sogn. For eit par år sidan vedtok eigarane ein ny kostnadsfordeling for selskapet. Lærdal kommune melde seg ut av selskapet i 2013, som gjeld frå 1.1.2015.

Det er naturleg å, ut frå ein kontrollståstad, å vurder store kostnadskutt i forvaltninga til å resultere i ein høgare risiko for feil og ein lågare terskel for kva feil som kan tolast. Ei slik vurdering vil resultere i behov for meir innsats frå kontrollsektoren, som igjen vil føre til auka kostnader til kontrollutvalet. Dette er ein situasjon som vi bør ha i tankane utover.

Det er likevel slik at kontrollutvalet har signalisert at dei vil vurdere 10 forskjellige punkt for eventuell kostnadsreduksjon. Utfordringa er å få klare å ta ut ein slik kostnadsreduksjon utan å redusere kontrollomfanget.

2. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 35/14 å gjennomføre ei utgreiing av følgjande mogelege område for langsiktige innsparingar for 410 – Kontrollutvalet

- a. Endring frå 5 til 3 representantar i kontrollutvalet
- b. Kontrollutvalsmedlemmane vert valt frå fylkestinget sine medlemmer
- c. Kontrollutvalsrepresentantane sin møtepraksis på fylkestinget og på politikardagar
- d. Opplæring av kontrollutvalet
- e. Tal møte i kontrollutvalet
- f. Effektivisering av kontrollutvalssekretariatet
- g. Selskapskontroll som eigarskapkontroll vert utført av sekretariatet
- h. Rådgjeving vert budsjettmessig overført frå kontrollutvalet til den eininga som nyttar tenesta
- i. Overordna analyse vert gjennomført av sekretariatet
- j. Omfanget av forvaltningsrevisjon

Dei to første områda

- a. Endring frå 5 til 3 representantar i kontrollutvalet
- b. Kontrollutvalsmedlemmane vert valt frå fylkestinget sine medlemmer

er vurderte i KU-sak 52/14, der utvalet gjorde dette vedtaket:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet skal ha fem medlemmar, som i dag.
2. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet skal veljast frå fylkestinget sine medlemmar. Leiar skal kome frå opposisjonen, og nestleiar skal kome frå posisjonen. Resten av utvalet kan veljast på fritt grunnlag.

Saka og vedtaket er med som vedlegg i FU-sak 125/14 (Politisk organisering i Sogn og Fjordane fylkeskommune 2015 – 2019). Fylkesrådmannen rår til at kontrollutvalet i framtida skal bestå av tre medlemmar – der leiar kjem frå fylkestinget.

Fylkesutvalet vedtok å rår fylkestinget til å vedta eit kontrollutval med 3 medlemmar, der leiar og nestleiar skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmar.

Kontrollutvalet vil i denne saka gjere vurderingar av punkta c. til j. i vedtaket frå kontrollutvalet i KU-sak 35/14.

Finansutvalet har konkludert vedrørande budsjett/økonomiplan for kontrollutvalet i fleire møte. Konklusjonen frå finansutvalet 24. september var:

Finansutvalet tek innspela frå kontrollutvalet til vitande. Dei økonomiske konsekvensane av budsjett-tilrådinga vert å innarbeide i framlegg til budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

Arbeidsdokument 5/14 og konklusjonen frå finansutvalet 5. november var:

6.2 Kontrollutvalet

Som ein del av økonomiplanarbeidet vedtok kontrollutvalet i KU-sak 35/14 å få utgreidd konsekvensar av innsparing på til saman 10 områder. Utgreiingsområda er samansette og omhandlar både kontrollutvalet sin samansetnad og aktivitet/oppgåver. Kontrollutvalet arbeider no med utgreiingane, og utvalet sine tilrådingar vert tekne endeleg stilling til gjennom fylkestinget si handsaming av budsjettsaka i desember 2014.

Tilråding:

Finansutvalet tek orienteringa om kontrollutvalet sin økonomiplanprosess til vitande.

Konklusjonar FIN 5. nov:**6.2 Kontrollutvalet**

Finansutvalet tek orienteringa om kontrollutvalet sin økonomiplanprosess til vitande.

Budsjettet for 2015 vart vedteke av kontrollutvalet 26. august, og er sendt via administrasjonen til endeleg handsaming i fylkestinget.

Tidlegare innsparingar

Fylkestinget vedtok i FT-sak 10/11 at kontrollutvalet fekk redusert si ramme i 2011 med kr. 345 000 og kr. 690 000 frå 2012. Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 23/11 revidert budsjett for 2011, der kostnadsreduksjonen 2011 var innarbeidd.

Kostnadsreduksjonen frå 2012 på kr. 690 000 var med atterhald om at fylkeskommunen som medeigar i SF revisjon IKS skulle spare inn kr. 270 000 årleg ved reforhandling av selskapsavtalen. Selskapsavtalen vart ikkje reforhandla det året og kontrollutvalet fekk auka budsjettet for 2012 og i tillegg vart budsjettet kompensert for av auka kostnader ved utvalet som vart valt i 2011.

3. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet sitt vedtak i KU-sak 35/14 om utgreiing av mogelege område for langsiktig innsparing har resultert i følgjande vurderingar:

c. Kontrollutvalsrepresentantane sin møtepraksis på fylkestinget og på politikardagar
Kontrollutvalsmedlemmane har dei seinare åra stilt på fylkesting, gruppemøte før tingseta og på politikardagar, og fått dekkja sine utgifter i tråd med reglementet om godtgjersle til folkevalde. Dette har gjeve politikarane i utvalet eit godt grunnlag til å bli kjent med sakene som vert handsama i fylkestinget. I tillegg har kontrollutvalsmedlemmane blitt ein «naturleg» del av sine partigrupper. Kontrollutvalsmedlemmane har med dette opplegget fått ei fin mogelegheit til å gjere KU-sakene kjent i sine grupper.

I dag vert fylkestingsmøta overført på nett, slik at alle kan følgje det på eigen pc eller liknande utstyr. Dette kan sjølvstøtt også kontrollutvalsmedlemmane gjere. Det ligg eit innsparingspotensiale i at medlemmane i utvalet ikkje stiller på fylkestinget. Medlemmane har likevel mogelegheit til å halde seg oppdatert på det som skjer i fylkestinget, og dei kan også følgje diskusjonen i den grad dei har høve til det.

Kontrollutvalsmedlemmane stiller også på gruppemøta før fylkestinget. Det er i desse fora medlemmane i utvalet får høve til å diskutere eigne saker med sine partigrupper, og i tillegg vere til stades når gruppa diskuterer øvrige fylkestingsaker. Det at KU-medlemmane stiller på gruppemøta før fylkestinget og på politikardagar resulterer i at dei vert kjent med fylkestingspolitikarane og at dei får med seg diskusjonane i partigruppene sine.

Medlemmane har ved å stille på politikardagane fått ta del i dei orienteringane som vert gjeve til fylkestingspolitikarane, og i tillegg fått høve til å delta i sine politiske grupper sine diskusjonar. Politikardagane er stort sett i dagen før kontrollutvalet har møte. Dette har vore ein inkluderande arena for medlemmane i kontrollutvalet, og har resultert i ein tilhøyrigheit med fylkespolitikarane.

Mogeleg innsparing

Dersom KU-medlemmane ikkje stiller på fylkestinget, men deltek i gruppemøta før fylkestingssamlingane vil vi kunne oppnå ei innsparing på om lag kr. 125 000 pr. år.

Ved at KU-medlemmane ikkje stiller på fylkestinget og heller ikkje stiller på gruppemøta før tinget vil innsparinga **auke til** om lag kr. 175 000 pr. år.

Innsparing ved at medlemmane i kontrollutvalet ikkje stiller på politikardagane vil vere om lag kr. 70 000 pr. år.

Ved å summere mogeleg innsparing ved at KU-medlemmane ikkje stiller på fylkesting, gruppemøte eller politikardagar vil ein kunne oppnå ei innsparing på om lag kr. 245 000 pr. år.

Vurdering

Ved at KU-medlemmane ikkje stiller på fylkestinget vil dei miste ein relasjonsbyggingsarena, men alle har mogelegheit til å følgje handsaminga i fylkestinget frå eigen PC eller liknande. Her må ein ta i betraktning at medlemmane i kontrollutvalet ikkje alltid er i ein posisjon der ein kan bruke dagen på å følgje med på fylkestingsmøta heimafrå utan å få godtgjering for dette. Resultatet av ei slik omlegging vil, etter kontrollsjefen si vurdering, bli at medlemmane i kontrollutvalet ikkje vil ha den inngåande kjennskapen som dei i dag har om det som skjer i fylkestinget.

Gruppemøta som er i framkant av fylkestinget er dei politiske gruppene sine førebuingar til fylkestinget. Det er viktig at KU-medlemmane er representert i desse møta for å kunne orientere om kontrollutvalet sine saker og for å få kjennskap til andre saker som vert diskutert i gruppene.

Politikardagane er viktige med omsyn til relasjonsbygging og til å få ta del i same orientering som fylkestingsrepresentantane får. Oppmøte i dette fora gjev kontrollutvalsmedlemmane gode føresetnadar for å drive godt kontrollarbeid.

Kontrollsjefen si tilråding er at KU-medlemmane stiller på gruppemøta før fylkestinget, og på politikardagar, men at dei ikkje stiller på fylkestinget. Innsparingspotensialet vert då om lag kr. 125 000 pr. år.

d. Opplæring av kontrollutvalet

Sist periode vart det sett opp ein opplæringsplan for kontrollutvalet. Denne opplæringsplanen inneheldt fleire aktiviteter som var gjennomført ilag med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet. Opplæring av nytt kontrollutval er sentralt for at medlemmane raskt skal få tak i kontrollutvalet sitt ansvar.

Grunnlaget for opplæring finn vi i rapporten 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane som vart utgitt av Kommunal- og regionaldepartementet 2009. I denne rapporten kan vi finne fleire tilrådingar som handlar om opplæring, og i tilråding nr. 3 står det:

Medlemmane i kontrollutvalet må få opplæring. Det er eit ansvar for kommunestyret å sørge for slik opplæring og tilstrekkelege ressursar.

I rettleiaren *Kontrollutvalsboka s.66* kan vi lese:

Kontrollutvalet bør sørge for at medlemmane får tilstrekkeleg opplæring.

Kontrollutvalet som kom på plass i 2011, har gått gjennom ein strukturert opplæringsplan. Opplæringa starta allereie på første kontrollutvalsmøte, med oversikt over ansvar og mynde, i tillegg til orientering om finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon. Fylkesvaraordførar snakka om politisk leiing sine forventningar til kontrollutvalet og fylkesrådmannen om samarbeidet med kontrollutvalet. Utvalet fekk i tillegg ein del praktisk informasjon i dette første møtet.

Opplæringsplanen inneheld vidare deltaking på politikaropplæring for fylkespolitikarane, fagopplæring i januar 2012, studietur til Brussel hausten 2012, opplæringssekvensar i KU-møta 2012 og ein fagtur til Oslo våren 2013. I tillegg har det vore gjennomført fleire samlingar mellom dei fire fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet, og utvalet sine medlemmar har stilt på konferansar for å skaffe seg god fagkompetanse og for å styrke nettverket med andre kontrollutvalsmedlemmar rundt om i landet.

De er heilt avgjerande at kontrollutvalsmedlemmane får god opplæring i rolla som medlem i kontrollutvalet. Men i den situasjonen som fylkeskommunen no står overfor, ser ein at det er krav til å vise innsparingsvilje der det er mogeleg. Innanfor opplæring av utvalet er det følgjande innsparingspotensial:

Mogeleg innsparing

Kontrollutvalet har kr. 150 000 i ekstra budsjettmidlar for året etter valet. Desse ekstra budsjettmidlane er avsett for at kontrollutvalsmedlemmane skal få ei opplæring, og opplæringsplanen for utvalet 2012 og delvis 2013 er eit resultat av desse ekstra budsjettmidlane.

Medlemmane i kontrollutvalet deltek på årlege konferansar i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Dette er fagleg viktige konferansar i tillegg til at medlemmane får mogelegheit til å bygge relasjonar med kontrollutvalsmedlemmar frå heile landet. Det kan vere eit innsparingspotensial ved at utvalsmedlemmane stiller på færre konferansar. Det er viktig at utvalet er representert på dei konferansar der det kontroll og tilsyn er tema.

Vurdering

Dei ekstra budsjettmidlane for 2016 vil kontrollsjefen vil føreslå å redusere med kr. 100 000. Ein reduserer då dei mest kostnadsdrivande opplæringstiltaka, men prøver å halde opplæringa på eit slikt nivå, at utvalsmedlemmane får nødvendig kompetanse til å gjere ein god jobb i ombodet som kontrollører for fylkestinget, og dermed for innbyggjarane i fylket. Dei siste periodane har kontrollutvalet vore på studietur til Brussel året etter nyval, noko som har gjeve utvalsmedlemmane god kunnskap om EU og Noreg sitt forhold til EU. Dette tiltaket vert føreslege tatt vekk for neste periode.

Kontrollsjefen går også inn for at medlemmane i kontrollutvalet reduserer deltaking på konferansar, men framleis slik at utvalet har representantar på dei viktigaste konferansane. Dette vil gje ei innsparing på om lag kr. 50 000 pr. år.

Kontrollsjefen rår altså til ein reduksjon på kr. 150 000 (2016) og deretter ein årleg reduksjon på kr. 50 000 for opplæring av medlemmane i utvalet.

e. Tal møte i kontrollutvalet

Kontrollutvalet har dei siste åra hatt 8 møte i møteplanen, som vert vedteken kvar haust. Utvalet har hatt ekstramøte til tider for å handsame saker som ikkje kan vente til neste ordinære møte. Desse møta har i ein viss grad vore gjennomført som telefonmøte. Kontrollutvalet nyttar også videokonferanse på nesten alle møta. Det er forvaltningsrevisor som deltek i møta på denne måten. Dette gjer at vi sparer kostnader ved reise for revisor, i tillegg til at tidsbruken vert lågare. Det er også ein gevinst i at utvalet ofte kjem i dialog med den revisoren som kjenner det aktuelle prosjektet best, i og med at revisor på ein slik måte kan få på plass aktuell medarbeidar på kort varsel.

Kontrollutvalet er ved sida av fylkesutvalet det einaste lovpålagde utvalet i følgje kommunelova. Når vi ser på det som vi lovmessig sett kan seie er eit minimum av møte i kontrollutvalet er det eit møte, og det er eit møte for å vedta ei fråsegn om årsrekneskapen. Det seier seg sjølv at eit kontrollutval må ha fleire møte for å kunne stå for kontroll og tilsyn av fylkeskommunen sin administrasjon og dei politiske organa utanom fylkestinget. Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova vere fylkestinget sitt utøvande kontrollorgan, og skal gjennomføre forvaltningsrevisjon, finansiell revisjon og selskapskontroll i tillegg til andre kontrollar som utvalet ser på som nødvendig for å kunne rapportere tilfredsstillande kontroll til fylkestinget. Det er heilt avgjerande for omdømmet til fylkeskommunen at kontrollutvalet operer på ein slik måte at kontrollansvaret, som fylkestinget har, vert ivareteke på ein god og trygg måte.

Vurdering

Spørsmålet er om ein kan redusere tal møte utan at dette vil gå ut over kontrollkvaliteten. Når ein ser på tal saker som kontrollutvalet handsamer kvart år har dette talet auka dei siste åra. Det er ei utvikling vi ser også i andre fylkeskommunale kontrollutval. Det er likevel mogeleg å redusere tal møte med eit møte, ved at siste møte før sommaren vert teke bort. Det vil bety at siste møte i første halsår vert i slutten av mai, og første møte på hausten vert i siste halvdel av august. Det vert lang tid mellom møta, men på ein annan side er aktiviteten låg om sommaren. Det er i tillegg også mogeleg å gjennomføre ekstramøte dersom utvalet ser det som nødvendig.

Kontrollsjefen rår til at kontrollutvalet reduserer møteaktiviteten med eit møte, som vil bety ei innsparing på omlag kr. 22 000 pr. år.

- f. Effektivisering av kontrollutvalssekretariatet og
- g. selskapskontroll som eigarskapskontroll vert utført av sekretariatet
- i. Overordna analyse vert gjennomført av sekretariatet

Desse tre områda for eventuell innsparing blir vurdert under eitt, då det eigentleg gjeld same utfordring – at kontrollutvalssekretariatet skal ta over fleire oppgåver.

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har sekretariatbistand, står det i kommunelova. I forskrift for kontrollutval er dette utdjupa, og det står at fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet til ei kvar tid har sekretærbistand som tilfredsstillir utvalet sitt behov. Det er med andre ord kontrollutvalet som er premissgjevar for sitt eige sekretariat.

Sekretariatet arbeider på oppdrag for kontrollutvalet. Det er kontrollutvalet som heile tida bestemmer kva som skal bli gjort av sekretariatet. Sekretariatet er kort sagt underordna kontrollutvalet. Dette gjev også den uavhengigheita som sekretariatet skal ha både med omsyn til administrasjonen og revisorar.

Vurdering

Det er alltid rom for å gjere ting litt betre og kanskje litt meir effektivt. Dette gjeld også for sekretariatet for kontrollutvalet. Ved å effektivisere bruk av tid i sekretariatet, mellom anna med meir optimal bruk av dei hjelpemidla vi har, i tillegg til å nyttiggjere seg betre av nettverka som sekretariatet er ein del av, kan det bli frigjort tid til andre oppgåver. Oppgåver som kan vere aktuelle er eksempelvis å bidra meir i gjennomføring av overordna analyse, og gjennomføring av selskapskontroll som eigarskapskontroll. Dette er område, som i dag vert utført av revisor. Dersom sekretariatet får ei meir aktiv rolle i desse oppgåvene vil det bli ein kostnadsreduksjon i kjøp av revisjonstenester. Men det er avgrensa tid i sekretariatet, slik at innsparingar det her er snakk om vil kunne resultere i eit for stort arbeidstilfang. Dette må prøvast ut for å skaffe seg erfaring.

Å bidra i utarbeiding av overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon og for plan for selskapskontroll vil bety om lag 100 timar annakvart år. Gjennomføring av eigarskapskontroll vil nok ligge på om lag 100 – 150 timar årleg. Dette blir timar som sekretariatet må finne ved å redusere andre aktiviteter, som for eksempel kompetanseheving og bruk av tid til nettverksarbeid i tillegg til meir effektiv bruk av sakshandsamarsystema vi har til rådvelde.

Kontrollsjefen rår til at oppgåvene gjennomføring av overordna analyse og gjennomføring av eigarskapskontroll i stor grad vert overført til sekretariatet, og at det vert leigd inn kompetanse ved behov.

Dette vil gje ei innsparing i kjøp av revisjonstenester og reduserte kostnadar i sekretariatet på om lag kr. 170 000 i året.

- h. Rådgjeving vert budsjettmessig overført frå kontrollutvalet til den eininga som nyttar tenesta

I følgje revisor for finansiell revisjon, er ein del av oppdraget til revisor å drive rådgjeving for administrasjonen i tillegg til forskjellige attestasjonsoppdrag. Det er viktig å påpeike at denne rådgjevinga ikkje er av ein slik kategori at det er snakk om at revisor vert inhabil i å revidere rekneskapen. Tidsbruken til rådgjevinga blir betalt av kontrollutvalet, utan at utvalet har noko som helst innverknad på omfanget. Revisor kan opplyse om at dei seinare åra har timetalet til dette arbeidet vore i storleiken 50 timer pr. år. Dersom ein tek med tid brukt til attestasjonsoppdrag vert timebruken om lag 115 timar kvart år.

Vurdering

I utgangspunktet er det mest rett at den eininga som bruker tenesta også betaler for den – eller i det minste bør dei vere inne i biletet når det gjeld attestasjon av slik bruk. No ser det ut som

om fylkeskommunen bruker meir til revisjon av årsrekneskapen enn det som er ein realitet. Det mest riktige ville vere at slike kostnader vert tatt ut av kontrollutvalet sin økonomi, noko som ville føre til at kontroll og tilsyn viser eit meir rett omfang enn det som er tilfelle i dag.

Men det er også argument som taler imot ei slik endring. Den rådgjevinga som finansiell revisor yter til administrasjonen er å oppfatte som eit bidrag til at revisjonskostnaden går ned. Det vert høgare kvalitet på avgitt rekneskap ved å ha ei slik ordning, noko som bidreg til at revisor kan bruke færre timar til sjølve revisjonen av årsrekneskapen. Revisor opparbeider seg også kjennskap til årsrekneskapen ved slik rådgjeving, noko som også fører til ein meir effektiv revisjon av rekneskapen.

Det er heller ikkje noko innsparingspotensial for fylkeskommunen i slik overføring, sjølv om det hadde blitt ei innsparing for kontroll og tilsyn.

Kontrollsjefen vurderer ei overføring av timane som er brukt av revisor til rådgjeving og attestasjonar ikkje vil bidra til ein kostnadsreduksjon for fylkeskommunen – kanskje tvert om. Derfor vil kontrollsjefen ikkje tilrå ei slik overføring.

j. Omfanget av forvaltningsrevisjon

Fylkeskommunen har sidan 2009 hatt avtale med Deloitte AS for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Sidan oppstart av avtalen med Deloitte AS har timeprisen blitt justert ein gong, og då var justeringa på ca. 5,3%. Det har elles ikkje vore prisjustering innanfor kjøp av forvaltningsrevisjon. Fylkeskommunen har eit budsjett på kr. 1 000 000 for kjøp av forvaltningsrevisjon pr. år. Dette gir oss omlag 3 – 4 forvaltningsrevisjonsprosjekt pr. år. Gjennomsnittet for tal gjennomførte forvaltningsrevisjonar i fylkeskommunane er ca. 3,5. Dette er medrekna Oslo. Utanom Oslo er talet noko lågare - i underkant av 3 forvaltningsrevisjonar pr. år.

Vurderingar

Fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon kvart fjerde år. Dette skjer innan utgangen av året etter val av nytt fylkesting. Planen inneheld såpass mange prosjekt at det må ein viss gjennomføringshastigheit til for å få gjennomført dei fleste prosjekta i planen. Planen vert revidert halvveis i perioden. Det kjem ofte opp nye prosjekt ved revidering av planen. I staden for å redusere tal på gjennomførte prosjekt, bør ein heller sjå om det å redusere storleiken eller omfanget på kvart prosjekt. Dette vil resultere i at ein har mogelegheit til å gjennomføre fleire forvaltningsrevisjonsprosjekt, samtidig som ein held kostnadsnivået på eit uendra plan. Kontrollsjefen vurderer det slik at vi gjennomfører tilstrekkeleg tal prosjekt. Det kan alltid vere gunstig å gjennomføre fleire prosjekt, men med å gjennomføre likt tal prosjekt om i dag, med den forskjell at prosjekta er mindre i omfang og meir spissa, vil vi kunne redusere kostnaden ved forvaltningsrevisjon. Det vil nok alltid vere slik at enkelte prosjekt vil vere meir omfattande enn andre, men dersom vi får ned gjennomsnittet pr. prosjekt med om lag 5%, vil vi ha ei innsparing på kr. 50 000.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Kontrollsjefen har i denne saka vurdert dei forskjellige område som kontrollutvalet bad om i KU-sak 35/14. Det er innsparingar som er mogelege å ta utan at kontrollomfanget vert ramma i særleg stor grad. Det vert delvis føreslege å redusere aktivitet for kontrollutvalsmedlemmane når det gjeld kompetansebygging, delvis effektivisering av kontrollutvalssekretariatet og delvis ein reduksjon i omfanget av kjøp av revisjonstenester.

Kontrollsjefen meiner at tiltaka skal vere gjort på ein slik måte at kontrollinnsatsen ikkje skal bli vesentleg lågare ved desse reduksjonane, og at fylkeskommunen ved desse innsparingstiltaka vil ha ein trygg og god kontroll og revisjon.

Kostnadsreduksjonane er gjort med atterhald om eit kontrollutval med same kostnadsstruktur som i dag. Dette gjeld med omsyn til tal medlemar i utvalet, og kostnadsstrukturen for utvalet sine medlemar.

Tema	Tilrådd eingongsinnsparing	Tilrådd årleg innsparing
c. Kontrollutvalsrepresentantane sin møtepraksis på fylkestinget og på politikardagar		Kr. 125 000
d. Opplæring av kontrollutvalet	Kr. 100 000 (2016)	kr. 50 000
e. Tal møte i kontrollutvalet		Kr. 22 000
f. Effektivisering av kontrollutvalssekretariatet		Kr. 170 000
g. Selskapskontroll som eigarskapkontroll vert utført av sekretariatet		
i. Overordna analyse vert gjennomført av sekretariatet		
h. Rådgjeving vert budsjettmessig overført frå kontrollutvalet til den eininga som nyttar tenesta		Kr. 0
j. Omfanget av forvaltningsrevisjon		Kr. 50 000
SUM tilrådd innsparing	Kr. 100 000 (2016)	Kr. 417 000

4. Konklusjon

Kontrollsjefen har vurdert dei område for innsparing som kontrollutvalet etterspurde i KU-sak 35/14. I denne skal er det punkt c til j som er vurderte. I KU-sak 52/14 var punkta a og b vurdert.

I denne saka legg kontrollsjefen fram ei tilråding på ein årleg kostnadsreduksjon på kr. 417 000 i tillegg til ein eingongsreduksjon på kr. 100 000 i 2016.

Kostnadsreduksjonane er basert på at det er 5 medlemmar i kontrollutvalet.